

Investeringsreglement

Vedtatt K-sak 36/2025





INNHALD

Innhald.....	1
Bakgrunn	2
Virkeområde	2
Mål.....	3
Kommunen sin prosjektmetodikk	3
Forhold til årshjulet:	4
Økonomiplan/årsbudsjett.....	4
Forslag til løyving	5
Retningslinjer for vedtekne investeringsprosjekt.....	5
Investeringsprosjekt utanom økonomiplan / årsbudsjett.....	7
Organisering	7
Gjennomføring av investeringsprosjekt	8





BAKGRUNN

Investeringsreglementet er ei oppfølging av kommunestyre, sak 23/1175 i møte 12.12.23, endringsforslag pkt. 2:

“Generelt for kontroll og styring av investeringsprosjekt:

- *For nye investeringsprosjekt gjeld følgjande: - Kost/nytte vurdering vert lagt fram til politisk gjennomgang*
- *Politisk vedtak av kvart einskild prosjekt før oppstart*
- *Fortløpande prosjektrapportering gjeldande for alle prosjekt inkl. VAR-området, frå d.d.*
- *Administrasjonen legg fram mal for godkjenning”.*

Kommunedirektøren har gått gjennom eksisterande rutinar for planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekta i kommunen, og har utarbeida eit investeringsreglement som avklarar forholdet mellom politiske avgjerse og administrative oppgåver. Investeringsreglementet skal gi retningslinjer for behandling og styring av investeringar og regulerer mynde og ansvar knytt til dette. Reglementet gjeld for all kommunal verksemd, der ikkje anna er bestemt med lov, forskrift eller anna reglement, og for alle investeringsprosjekt i Sande kommune.

VIRKEOMRÅDE

Investeringsreglementet gjeld for investeringar i nybygg, tilbygg, påbygg og ombygging av kommunal bygningsmasse i Sande kommune, men også for anna teknisk infrastruktur som veg, vatn og avlaup og tiltak knytt til utstyr, IKT/digitalisering.

Investeringsreglementet gjeld *ikkje* for:

- løpande forvaltning, drift og vedlikehald
- naudsynte/kritiske oppgraderingar av eksisterande bygningsmasse eller utstyr, under gjeldande terskelverdi del I.
- kriseleiinga si vedtekne fullmakt, til å kunne nytte inntil 1 million ved kriser.

[Terskelverdier for offentlige anskaffelser | Anskaffelser.no](#)

Det er kommunedirektøren som prosjekteigar sitt ansvar å tilsjå at den grunnleggande prosjektmetodikken vert fulgt, og at det vert dokumentert at dette er gjort.

MÅL

Investeringsreglementet skal bidra til:

- Eit tilfredsstillande system for heilskapleg styring og forvaltning av investeringar.
- Tydelege føringar for handsaming av investeringar.
- Eit tilfredsstillande grunnlag for prioritering og avgjerd.
- Politisk forankring.
- Effektiv planlegging og gjennomføring.
- Tidleg fokus på driftsmessige konsekvensar, brukartilpassing og funksjonelt gode løysingar.
- Effektiv kostnad- og kvalitetskontroll med risikovurdering.
- Evaluering av måloppnåing, gevinstrealisering og overføring av erfaring.

KOMMUNEN SIN PROSJEKTMETODIKK

Det vert lagt til grunn at kommunale investeringsprosjekt vert gjennomført med fylgjande faseinndeling:

1. **Konseptfase:** Kva idéar skal utgreiast, avklare faktisk behov og velgje den beste tilnærminga for eit eventuelt prosjekt.
2. **Planleggingsfase:** Planlegge prosjektet i detalj, etablere målsetting og utarbeide ein plan for korleis prosjektet skal gjennomførast og styrast.
3. **Gjennomføringsfase:** Prosjektet vert gjennomført i samsvar med plan.
4. **Avslutningsfase:** Prosjektet vert ferdigstilt og avslutta (oppløyst).
5. **Realiseringsfase:** Prosjektet vert evaluert og gevinstar, synergieffektar og kontrollert mot endra tenesteproduksjon.



Prosjektmetodikken tek utgangspunkt i Digitaliseringsdirektoratet sin “Prosjektvegvisar”, som er eit verktøy for overordna prosjektstyring, uavhengig av kva som skal vere dei spesifikke leveransane frå prosjektet. Prosjektvegvisaren er utarbeida med omsyn til digitale prosjekt, men kan med modifisering brukast som modell for andre type prosjekt.



Investeringsreglementet er tilpassa og standardisert for å kunne omfatte prosjektporteføljen til Sande kommune.

FORHOLD TIL ÅRSBJULET

Investeringar vert som hovudregel lagt fram av kommunedirektøren i samband med den årlege rulleringa av økonomiplan/årsbudsjet.

- Arbeidet med forprosjekt og detaljprosjektering skal følgje utarbeidinga av økonomiplan/årsbudsjet.
- Løyving forprosjekt skal takast inn i årsbudsjetet før planlegging startar.
- Endeleg investeringsramme skal takast inn i årsbudsjetet når forprosjektet er avslutta.
- Gjennomføring kan ta til når endeleg investeringsramme er på plass.

ØKONOMIPLAN/ÅRSBUDSJETT

Kommunedirektøren utarbeider framlegg til prioriterte investeringsprosjekt for økonomiplanperioden basert på forventa ramme og kapasitet.



Når kommunestyret har vedteke økonomiplan/årsbudsjett, kan arbeidet med prosjekta eller forprosjekt setjast i gong i tråd med retningsliner for terskelverdiar. For prosjekt som har oppstart i budsjettåret er samla løyving i økonomiplanen bindande. For prosjekt som har oppstart etter budsjettåret er budsjettpostane berre rettleiande og det er ingen godkjend løyving.

Dersom eit prosjekt som går over fleire år har raskare framdrift enn planlagt må det gjerast vedtak om omfordeling av midlar mellom budsjettåra. Dette vert gjort i samband med tertialrapporteringa.

FORSLAG TIL LØYVING

Alle investeringar skal vedtakast av kommunestyret i samband med årsbudsjett og økonomiplan.

Løyvingsforslaget skal innehalde:

1. *Totalløyving* for heile prosjektet, basert på ei realistisk kostnadsoppstilling, medrekna alle kjende kostnader. Tilskot og refusjonar skal visast separat som ein del av finansieringa. Risiko som er knytt til prosjektet skal omtalast i forslag til løyving. Det må være realistisk i høve til prosjektet sin kompleksitet. Endring i tilskot og refusjonar kan ikkje nyttast til å auke investeringsrammene utan kommunestyret si godkjenning.
2. Ved alle løyvingssaker skal driftsmessige konsekvensar utgreiast.
3. For løyvingar som går over fleire år skal investeringskostnaden fordelast over investeringstida ut frå framdrift i prosjektet.

RETNINGSLINJER FOR VEDTEKNE INVESTERINGSPROSJEKT

Kommunen skal til ei kvar tid følgje gjeldande god kommunal rekneskapsskikk. Kommunen må ha klart for seg kva som kan førast som investering, og kva som er driftskostnader.

Planlegging og gjennomføring av investeringar skal skje med nøktern og funksjonell kvalitet, og det skal leggjast vekt på livsømløpskostnadar.



Alle prosjekt under terskelverdi del I (under 1,3 million eks. mva) vert handsama administrativt, så lenge det er innanfor vedteken investeringsramme i budsjett og økonomiplan. Informasjon om at prosjektstatus vert gjort ved tertialrapportering. I prosjekt med mindreforbruk, vert restmidlar tilbakeført til ubrukte lånemidlar.

Alle prosjekt over terskelverdi del I, til terskelverdi del II (over 1,3 million til og med 2,3 million eks. mva) skal ha ei oppstartssak til formannskapet. Vidare prosjektstatus vert gjort ved tertialrapportering. Prosjektet skal ha ein sluttrapport til formannskapet. I prosjekt med mindreforbruk, vert restmidlar tilbakeført til ubrukte lånemidlar.

Alle prosjekt over terskelverdi del II (over 2,3 million eks. mva) skal ha ei oppstartssak til formannskapet som tilrår til kommunestyret. Vidare prosjektstatus vert gjort ved tertialrapportering. Prosjektet skal ha ein sluttrapport til kommunestyret. I prosjekt med mindreforbruk, vert restmidlar tilbakeført til ubrukte lånemidlar.

Unntak frå denne regelen er dei løpande prosjekta knytt til egenkapitalinnskudd til KLP, startlån (Husbanken). Desse prosjekta treng difor ikkje oppstartssak eller sluttrapport.

Ei heilskapsvurdering av investerings- og driftskostnadar skal leggest til grunn for alle investeringar. Alternative løysingar skal alltid vurderast og vurderingane skal dokumenterast.

Ei vurdering av gevinstar knytt til rasjonalisering og innsparing skal gjennomførast og gevinstar skal synleggjerast, kvantifisert og konkretiserast gjennom heile prosjektet. Spesielt skal ein vurdere om der er andre alternative løysingar til prosjektet ut frå endringar i teknologi, tenesteleveranse og brukarane sine behov. Vurderingane skal dokumenterast.

Dersom eit investeringsprosjekt ikkje er gjennomførbart, skal kommunedirektøren legge fram sak til kommunestyret, der kommunestyret må ta stilling til om prosjektet skal avsluttast eller gjennomførast ved bruk av driftsmidlar.

Kommunestyret må alltid definere finansiering av kvart prosjekt dei vedtek.

Alle investeringsprosjekt skal ha eit definert prosjektnummer, som brukast til rekneskapsføring av prosjektet definert på ansvar. Det skal også etablerast eit saksnummer i saksbehandlingssystemet for arkivering av arkivverdig materiale knytt til prosjektet. Prosjektnummer vert avslutta ved prosjektslutt.



INVESTERINGSPROSJEKT UTANOM ØKONOMIPLAN / ÅRSBUDSJETT

Dersom det syner seg nødvendig å fremje forslag om investeringar utanom den ordinære planleggingsprosessen, skal behovet for investeringa utgreiast av kommunedirektøren og leggast fram for aktuelt hovudutval før formannskapet gir innstilling til kommunestyret i saka.

ORGANISERING

Rolleavklaring i høve til vedtekne investeringsprosjekt

Bestillar: Det er kommunestyret som er bestillar og som tar avgjerse om investeringsprosjekt i samband med årsbudsjett og økonomiplan. Vidare initiering og oppfølging av prosjekt skal vere i henhold til retningsliner kring terskelverdiar. Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med dette investeringsreglementet i regi av kommunedirektøren.

Eigar: Kommunedirektøren er eigar av prosjektet. Eigar har ansvar for å sikre planlegging og gjennomføring av det behov som bestillinga frå kommunestyret synleggjer.

Eigar skal såleis:

- Sørge for utarbeiding av konseptskildring og anbefaling av konsept.
- Sørge for naudsynt kvalitetssikring.
- Tilrå kva alternativ som skal vidareførast frå konsept til planlegging og legg dette fram for politisk handsaming i tråd med retningsliner for terskelverdiar.
- Sørge for forsvarleg planlegging og gjennomføring av investeringsprosjektet.
- Sikre brukarmedverknad og involvering. Utarbeidar den delen av styringsdokumentet som gjeld skildring av behov, mål og funksjonelle krav

Prosjektleiari: Utførarledet er styrt av ein prosjektleiari som har ansvar for gjennomføring av prosjektet som skal gjennomførast.

Prosjektleiaren skal:

- Ha hovudansvar for konsept- og planfase, og ansvar for koordinering av prosjektporteføljen, herunder hovudansvaret for prosjekt i konsept og planfase.
- Ha ansvar for gjennomføring av prosjekt etter vedteken plan for gjennomføring.



- Vere ansvarleg for gjennomføring av prosjektet i samsvar med plan for gjennomføring.
- Utarbeide utkast til kontraktsstrategi og konkurransegrunnlag.
- Gjennomføre investeringsprosjektet i tråd med politisk bestilling
- Utarbeide sluttrapport for prosjektet, der dette er eit krav.
- Prosjektleiaren rapporterer til den som har budsjettansvar for prosjektet

Kostnaden med prosjektleiar vert belasta vedkomande prosjekt uavhengig av om prosjektleiaren er intern eller innleidd.

Dersom det vert etablert ekstern prosjektleiar skal ansvaret for økonomistyring og rapportering til kommuneorganisasjonen. Ansvar for dette avklarast i konsulentavtalen.

GJENNOMFØRING AV INVESTERINGSPROSJEKT

Initiativ og utgreiing av behov

Initiativ til bygge- og anleggsarbeid skal normalt takast opp av kommunedirektøren gjennom økonomiplanen.

Byggestart

Når investeringsprosjektet er vedteke i årsbudsjettet, og kostnadsoverslaget ligg innanfor vedteken ramme, kan arbeidet setjast i gong i tråd med retningslinjer for terskelverdiar. Dersom kostnadsoverslaget overstig budsjettet, må saka til formannskap og kommunestyre for ny godkjenning.

Oppfølging i byggetida

Prosjektleiaren skal sjå til at byggearbeidet blir utført innanfor den økonomiske ramma som er gitt. Dersom overskriding av vedteken kostnadsramme kan forventast, utarbeider prosjektleiar sak om dette til kommunedirektøren, med tilhøyrande finansieringsforslag, til behandling i første kommunestyremøte etter at forholdet vert kjent.

Prosjektrekneskap

Det skal utarbeidast projektrekneskap for alle investeringar. Løyving som skal dekke fleire investeringar med eigne prosjektnummer må budsjetterast på det einsskilde prosjekt, slik at det blir samsvar mellom budsjett og rekneskap. Alle investeringsprosjekt skal gjennomgåast i samband med den faste rapporteringa til kommunestyret, ved tertialrapportering.



Rekneskap

Alle investeringsprosjekt vert rekneskapsmessig avslutta kvart år i samband med årsavslutninga av investeringsrekneskapen. I dette inngår oppstilling som syner totalbudsjett og hittil påkomne utgifter, og eit vedtak om eventuell overføring av unytta rammer til neste budsjettår. Dette vert gjort fyrste tertial, etter at fjoråret sitt rekneskapsresultat ligg føre. Dersom eit avslutta prosjekt ikkje har brukt opp tildelt løyving, skal dette setjast av til ubrukne lånemidlar.

Rapportering undervegs

Status for pågåande prosjekt skal som hovudregel rapporterast til kommunestyret i tertialrapport. Formannskap, råd og utval kan i tillegg få orientering om enkeltprosjekt innanfor eige ansvarsområde etter behov og på førespurnad.

Sluttrapportering

Sluttrapportar i henhold til terskelverdiar, skal skildre prosjektet, måloppnåing og oppfyljing av krav, økonomi og læringspunkt, og eventuelt andre relevante forhold, gevinstrealisering og synergieffekt.

Ansvar for gjennomføring av sluttrapporten ligg til kommunalsjef i gjeldande sektor.

